



Handbok for handtering av urovekkjande skulefråvær

4 FEBRUAR 2025

GOL SKULE



Forord

Bakgrunnen for utarbeidninga av denne handboka er at ein opplever at fleire og fleire elevar har urovekkjande fråvær. Dette kan vere elevar heilt ned i dei lågare trinna og opp til 10. trinn, med ei aukande utvikling oppover i trinna. I tillegg ser ein ulik praksis for føring og oppfølging av fråvær. Denne handboka tek utgangspunkt i Hol kommune sitt arbeid med tilsvarende utfordringar. Formålet er å følge opp Opplæringslova § 10–6 i forhold til at skuleeigar skal sikre forsvarleg system for at fråvær frå opplæringa blir følgd opp. Hovudintensjonen er å rette tidleg innsats mot elevar med urovekkjande fråvær, slik at dette ikkje får utvikle seg eller vare ved.

Prosessen ved Gol skule har vore behandling i plangruppa og sosped-teamet ved Gol skule, vidare til behandling i elevråd, fagforeining og samarbeidsutval til innføring som praksis i kollegiet ved Gol skule.

Gol, 04.02.2025

Morten Lien

-Rektor-

Gol skule

Ordforklaringsar

VSF: Visma Sikker Flyt- app

VSS: Visma Sikker Sone

Urovekkjande fråvær

Definisjon av urovekkjande fråvær:

«Fråvær frå undervisninga og det sosiale fellesskapet i skulen, gyldig eller ugyldig, av eit omfang/ein frekvens som medfører bekymring knytt til den faglege og sosiale utviklinga til eleven.» (Ingul, 2011)

Det finst ingen nedre grense for kor stort fråværet skal vere før det kan kallast urovekkjande. Dette gjer at det òg må brukast skjønn når det skal gjerast ei vurdering av problematikken. Kearney (2008) har forsøkt å omtale meir inngåande dei ulike gradene av urovekkjande fråvær ein kan finne, slik at ein lettare kan vurdere om det er vedvarande åtferd eller ikkje. Gradene blir omtala i eit spekter over sju trinn:

1. Eleven møter opp på skulen etter press, og ber om å få sleppe.
2. Gjenteke problemåtferd på morgonen for å sleppe å gå på skulen.
3. Gjenteke forseintkomming på morgonen, etterfølgt av frammøte.
4. Eleven har periodevis fråvær, eller fråvær frå enkelttimar.
5. Gjenteke fråvær eller fråvær frå enkelttimar, blanda med frammøte (eleven er ut og inn av timar).
6. Eleven er heilt borte frå skulen i periodar.
7. Eleven er heilt borte frå skulen over ein lengre periode.

I tillegg ynskjer vi på Gol skule å belyse åtferd som handlar om at eleven møter på skulen, men ikkje tek del i undervisningsrelaterte aktivitetar som å ikkje møte til timen, vandre frå timane og ikkje starte på oppgåver knytt til undervisninga.

Forslag til tiltak heim-skule

Eit godt samarbeid mellom skule og heim er avgjerande i forhold til arbeidet med fråværet. Skulen og føresette har eit felles ansvar for å følgje opp avtalar og gjennomføre tiltaka. Føresette er den viktigaste samtalepartnar og støtte for barnet sitt.

- Foreldra blir informerte om kva som er urovekkjande fråvær. Dei får òg informasjon om skulen sine prosedyrar og moglegheiter for igangsetting av tiltak. Sjølv om oppmøte på skulen kan vere forbunde med ubezag, er det likevel viktig at eleven kjem på skulen.
- Ved bekymring for elevar i forhold til stort fråvær, kan skule-heimsamarbeidet bli vareteke gjennom tiltak som:
 - Logg
 - E-post
 - Telefonsamtale kvar dag/kvar veike
 - Jamlege samarbeidsmøte
 - Auka elev- og foreldresamtalar jf. trinnplan ved skulefråvær.
- Føresette som opplever at barnet deira ikkje vil gå på skulen skal oppleve å bli høyrd og bli trygga av skulen.
- Skulen gir informasjon til føresette om korleis dagen har gått, og korleis skulen har planlagt neste skuledag. Dette tryggar føresette og opnar dessutan for at dei kan ha samtalar med barnet for å skape føreseielege og trygge skuledagar.
- Det blir utarbeidd ein samarbeidsavtale for ansvar og tiltak i tråd med trinnplan ved skulefråvær.

Forslag til tiltak på skulen

- Skulen kartlegg og skaffar seg oversikt over elevens sosiale og faglege situasjon Skulen set i gang tiltak i samsvar med trinnplanen for urovekkjande fråvær
- Skulehelsetenesta blir involvert tidleg i arbeidet.
- Skulen etablerer og vidarefører positive relasjoner til vaksenpersonar på skulen for å skape tryggleik for eleven.
- Skulen avtalar tid for jamlege samtalar mellom elev og vaksenperson som har ansvaret for oppfølging av eleven.
- Ved faglege bekymringar bruker skulen rutinane for kartlegging og utprøving av tiltak, i tillegg til å tilpasse opplæringa.
- Skulen orienterer eleven og heimen om endra planar, og tilpassar og legg til rette så langt det er nødvendig og mogleg innanfor skuledagen og skulen sine rammer. Eksempel på moglege tilretteleggingar:
 - Skulevegen – til og frå skulen. Saman med andre, eigen skyss, etc.
 - Pauserom
 - Tilpassing i klassen
 - Tilpassing i friminutt
 - Små grupper
- Skulen arbeider kontinuerleg med det psykososiale miljøet i klassen og på skulen, og bygger opp under og støttar sosiale relasjoner.

Forslag til tiltak i heimen

- Føresette må vere tydelege på at barnet skal på skulen, samtidig som dei tryggar barnet på at det vil få hjelp og støtte til å meistre skulekvardagen.
- Føresette må tydeleg kommunisere at barnet skal på skulen.
- Føresette tryggar barnet sitt på at skulen gjer sitt beste for at barnet skal trivast, og omtalar skulen positivt.
- I nokre tilfelle vil det vere nødvendig at føresette byter oppgåver/roller i forhold til barnet for ein periode.
- Halde ved lag ein fast og tydeleg døgnrytm i heimen.
- Heimen har faste rutinar på morgonen og bereknar god tid før skulen begynner.
- Når barnet er heime frå skulen er det viktig at ein heldt fast på daglege rutinar inkludert skjermbruk.
- Føresette sitt nærvær i heimen på dagtid kan i nokre tilfelle forsterke barnet sitt høge fråvær. Føresette bør i slike tilfelle vurdere om dei for ein periode bør utføre aktivitetar utanfor heimen i skuletida.
- Gi påskjønning og ros ved oppnådde delmål i prosessen med å få barnet tilbake på skulen.
- Motivere og styrke barnet i trua på meistring av skulekvardagen.
- Hjelp barnet til å ha kontakt med jamaldrande i fritida, og oppretthalde deltakinga til barnet i fritidsaktivitetar.
- Ikkje la skulefråværet vere det einaste temaet i familien.

Trinnplan ved skulefråvær

Trinn 1		
Tiltak	Når	Ansvar
Handbok for handtering av skulefråvær med trinnplanen skal vere tilgjengeleg på heimesida på skulen.	Informasjonsskriv på hausten	Skuleleiinga
Føresette skal melde fråværet i VFS same dag som fråværet finn stad. Ved fråvær skal det alltid blir skriftleg melding gitt til kontaktlærar. Blant anna bør det spesifiserast kva type fråvær det er. Dersom slik beskjed ikkje blir gitt, tek kontaktlærar kontakt med føresette.	Same dag	Føresette/kontaktlærar
Føresette gir beskjed til kontaktlærar dersom eleven møter opp til skulen etter press, men ber om å få sleppe. Dette gjeld òg ved problemåtfred på morgenon heime.	Så snart som mogleg	Føresette
Kontaktlærar gir beskjed til føresette dersom han/ho erfarer at skuledagen blir opplevd som strevsam for eleven. Eksempel: stadige «vondter», vil ikkje delta, vil heim, er nedstemt eller liknande.	Så snart som mogleg	Kontaktlærar

<p>Kontaktlærar informerer avdelingsleiar om bekymringa.</p>		
<p>Kontaktlærar skal samanfatte fråvær jamleg, og vere særleg merksam på mønster i fråvær.</p>	Jamleg og ved behov	Kontaktlærar
<p>Ved bekymring for aukande fråvær skal kontaktlærar ta kontakt med føresette for å drøfte fråværet. Ved gjentakande fråværsmønster eller auke i fråvær held kontaktlærar elevsamttale og samtale med føresette (gjeld ikkje fråvær som følge av permisjon frå opplæringa). Leiinga på skulen skal vere informert om møtet. Referat frå denne samtalen blir skriven i eleven si mappe i VSS.</p>	Innan ei veke etter oppsummering av fråvær	Kontaktlærar

Trinn 2		
Tiltak	Når	Ansvar
<p>Dersom fråværet varer ved skal kontaktlærar, saman med leiinga på skulen, kalle inn føresette til nytt møte.</p> <p>På dette møtet skal det avklarast om det er behov for at sosped-teamet blir involvert.</p> <p>Uavhengig av om sosped-teamet skal inn i saka, skal det først referat frå møtet. Skjemaet «Samtale med føresette» fungerer som referat. Her skal vidare avtalar/ tiltak koma fram.</p> <p>For å vareta barnet sin rett til å uttale seg bør eleven vere med på møtet</p>	<p>Innan to veker etter sist møte</p>	<p>Kontaktlærar/skuleleiinga</p>

Trinn 3		
Tiltak	Når	Ansvar
<p>Dersom tiltak i trinn 2 ikke fører fram eller ikke har tilstrekkeleg effekt, skal eleven meldast inn til sosped-teamet ved skulen. Her blir det vurdert kva utgreiingar og tiltak eleven skal ha vidare.</p>	Ved behov	Avdelingsleiar
<p>Det skal oppretta stafettlogg slik at alle involverte instansar er informert om vegen.</p>	Umiddelbart	Avdelingsleiar
<p>Dersom tiltaka kommunen set i gang har liten eller ingen effekt, må det vurderast ei tilmelding til barnevernstenesta.</p>	Ved behov	Alle instansane i samarbeid

Skjema: Samtale med føresette

Stad/dato:	
Til stades:	
Elev:	
Kontaktlærar/rektor:	
Føresette:	
Fråværsoversikt:	

Opplæringslova § 2-1, 1. ledd: Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskuleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikta kan varetakast gjennom offentleg grunnskuleopplæring eller gjennom anna, tilsvarende opplæring.

Bekymring – problem	Bakgrunn	Tiltak – Hjelp
---------------------	----------	----------------

AVTALE (signér samtykkeskjema ved behov for samarbeid med andre instansar):

--

Skjemaet blir arkivert som møtereferat. Kopi blir send til skuleeigar.

Underskrift

Kontaktlærar/rektor

Elev

Føresette

Skjema: Tilvising til sosped-teamet ved Gol skule

Skal leggjast saman med samtykke frå foreldre om å ta opp problemstillinga i sosped-teamet ved Gol skule

Namn på barnet / elevnummer	Kven tilviser:
	Dato:

Problemstilling:

Kor lenge har problemet gått føre seg?

Kva har vore forsøkt av tiltak?

Andre instansar inne?

Kva skjer vidare etter at saka har vore oppe i sosped-teamet? (blir fylt ut av sosped-teamet i møtet)

Kven har ansvar for oppfølging?

Kven har ansvar for å gi ei tilbakemelding til foreldre?

Underskrift:.....

Skal skannast og leggjast i elevmappa.

Samtykkeerklæring

Eg/vi samtykker til at skulen kan innhente teiepliktbelagde opplysningar frå/eller samarbeide med følgande instansar:

Ja Nei Viss ja, kryss av for kva instansar nedanfor

Skulehelsetenesta

PPT

Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP)

Barnevernstenesta

Andre (spesifiser) _____

Stad/dato:	Stad/dato:
Underskrift – føresett /elev over 15 år	Underskrift – føresett

Dette samtykket kan endrast eller trekkast tilbake ved skriftleg førespurnad til skulen.

Litterurliste:

Kearney, C. A. (2008). *Helping School Refusing Children and Their Parents. A Guide for School-Based Professionals.* New York: Oxford University Press.

Kearney, C. A., & Silverman, W. K. (1999). Functionally Based Prescriptive and Nonprescriptive Treatment for Children and Adolescents With School Refusal Behavior. *Behavior Therapy*, 30, 673–695.

Kearney, C. A., & Silverman, W. K. (1996). The Evolution and Reconciliation of Taxonomic

Strategies for School Refusal Behavior. *Clinical Psychology: Science and Practice*, 3(4), 339–354.

Anbefalt litteratur:

Drammen Kommune. (2010). Skolevegring. *Rettsleiar for intervasjon. Drammen kommune, Konnerud bydel.*

Ingul, J. M. (2005). *Skolevegring hos barn og ungdom* (Barn i Noreg: «Sjå meg»).

Kearney, C. A. (2001). *School Refusal Behavior in Youth. A Functional Approach to Assessment and Treatment.* Washington DC: American Psychological Association.

Nittedal kommune. (2011). *alvorleg skolefråvær: Ein rettleiar for førebygging og oppfølging.*

Solheim, L., Due-Tønnessen, M., Andersen, T.G. & Grønvold, H. (2009). *Skolevegring. Ein praktisk og fagleg rettleiar.* Oslo: Oslo kommune, utdanningsetaten.

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova):

§ 2-1, 1. ledd: Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikta kan varetakast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna, tilsvarende opplæring.

§ 2-1, 5. ledd: *Dersom ein elev utan å ha rett til det har fråvære frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktlaust. Offentleg påtale blir ikkje reist utan når kommunen set fram krav om slik påtale.*

§ 2-11. Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veikar.

Elevar som hører til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørger for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

§ 9a-1: *Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

§ 9a-3: *Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr.*

Dersom nokon som er tilsette ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøke saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føreseggnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Forskrift til opplæringslova:

§ 3-41: *Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær blir ført på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar.*

Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven legge fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert fråvær som blir skylda helsegrunnar*
- b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2–11.*

For at fråvær som blir skylda helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven legge fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som blir skylda helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemmning eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.